

Referat foreldremøte 25. mars 2014

Både elever og foreldre var tilstede på dette møtet.

Sak 1 - Ungdomsskulen

Først var det informasjon rundt valfag og framandspråk ved rektor, Alexander Kjesæth, og rådgjevar, Rolf Espenes. Elevane fekk med seg skjema heim som dei skal fylle inn og levere til Astrid Marie innan torsdag 10. april.

Sak 2 - Leirskulen, 19. – 23. mai (www.hardangertun.no)

Ordensreglane som gjeld på leirskulen blei teke opp. I tillegg til dei som står på heimesida til leirskulen, vart me einige om at mobiltelefonane vert teke inn når elevane skal legge seg (mellom 22.00 og 22.30), og delt ut etter frukost dagen etterpå.

Viste også til utstyrliste som står på Hardangertun sine heimesider, men eg kjem til å sende dette ut, saman med anna info rundt turen, som ranselpost etter påskeferien.

Turen vert dekkja av klassekassen, i tillegg får elevane 300 kr til lommepengar, og 100 kr til bassenget, frå klassekassen.

Elevar som ikkje følgjer ordensreglane som er satt vert sende heim.

Sak 3 – ymse

Dugnad til 17.mai

Det er 5. og 6. klasse som har ansvar for dugnad til 17. mai i år.

7. klassetreff

Foreløpig dato er satt 6. juni. Me skulle eigentleg ha klassetreffet 28. mars, men Sæbø har tatt denne dagen av ein eller annan grunn.

Klassefesten 12. juni

Me har 5000 kr att i klassekassen som kan nyttast til klassefesten. Klassekontaktane har ansvar for festen.

Nattcup(fotball)

30. april er det Nattcup i Radøyhallen frå klokka 19.00 og utover. Eg legg ved eposten som er sendt ut.

«Hei

Onsdag den 30. april arrangerer ungdomskoordinatoren og ungdomsklubben Nattcup i Radøyhallen.

Det er ei turnering for ungdommen frå 7.kl-2.VGS og ein turnering for bedrifter og bygdelag.

Det hadde vert veldig kjekt om dere kunne stille med eit lag☺

Litt praktisk informasjon:

5 spelarar på bana heime tida.

Kampane varar i 18 minuttar.

Maks 9 spelarar på eit lag, minst 6.

Det må være ei jente/ dame på bana heile tida.

Bedrift og bygdelag kan ha spelarar på bana ned i 10. klasse

Det kostar kr 500,. for laget å delta (litt over 50 per pers).

Alle må ha leggbeskyttelse og innesko

Bindande påmelding innan 20. april

Visst eit lag trekk seg under ei veke før turneringa, vert laget fakturert.

Me har loddtrekning av ulike premier, sosial moro i pausane og kiosk.

Det vert 1, 2 og 3 plass i kvar turnering. Visst vinnarane i kvar turnering ynskjer det, vert det spelt SUPERFINALE.

Påmelding til: <http://tinyurl.com/nattcup>

Det hadde vert veldig kjekt om dere ynskjer å stille☺

Ta kontakt visst dere har nokon spørsmål.

Mvh

Katarina Brikeland

Ungdomskordinator i Radøy»